

# ÅRSMELDING 2012



## INNHALD

Innhald .....	2
Innleiing.....	3
Verksemd .....	4
Posisjon .....	4
Representantskap .....	4
Styret.....	5
Rådmannsmøter.....	5
Administrasjon .....	5
Informasjonsarbeid .....	6
Satsningsområde 2012.....	6
1. Effektiv samhandling kommunale tenester. ....	7
Prosjekt Samhandling på Sunnmøre.....	7
Prosjekt Oppvekst.....	8
Prosjekt eKommune Sunnmøre.....	9
Prosjekt Energieffektivisering .....	11
Prosjekt Kompetanseløft barn og unge .....	13
2. Regional næringsutvikling. ....	15
Prosjekt Lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK).....	15
Prosjekt Innovasjon som strategi for samfunnsutvikling.....	16
3. Fremje felles interesser overfor stat og fylke.....	17
Prosjekt Sunnmøre Soningscenter.....	17
Lyntog .....	17
Stillingar i politiet.....	17

## INNLEIING

Det har vore eit spennande og godt år for Sunnmøre regionråd i 2012.

Sunnmøre regionråd er eit felles organ for deltakarkommunane. Selskapet har som målsetting å bidra til ei positiv utvikling i regionen samla og i deltakarkommunane. Vidare skal selskapet vere ein aktiv regional pådrivar med vekt på regional samfunnsutvikling, næringsutvikling og interkommunalt samarbeid.

Då vi omorganiserte selskapet i starten av året var hensikta at vi skulle på ein enda sterkare måte vere synlege og i enda tydelegare grad vere med på å forme regionen vår i framtida. Gjennom 2012 har vi vore med å sette på dagsorden saker som er viktige for regionen.

Vi kan her nemne Sunnmøre soningssenter og fleire stillingar i politiet. Det er viktig at regionrådet er på bana når slike debattar og avgjersler skal takast.

I året som har gått har selskapet vedteke ein strategi som har tre satsingsområder. Eit av desse handlar nettopp om å fremme regionen sine interesser overfor stat og fylke.

Effektiv samhandling for dei kommunale tenestene er eit anna satsingsområde. Vi driv i dag prosjekt som handlar om samhandlingsreforma, energieffektivisering, barnehage- og skuleutvikling, barnevern og lokal samfunnsutvikling. Desse prosjekta har pågått ei stund, og dei fleste medlemskommunane deltek.

Dette er prosjekt og saker der regionrådet kan bidra til kommunane , og på den måten vere med på å gjere kommunane betre i stand til å samhandle.

Det tredje satsingsområdet er regional næringsutvikling. I november tok Sunnmøre regionråd over Sunnmøre i framtida-prosjektet. Dette prosjektet skal auke slagkrafta og kvaliteten i det regionale utviklingsarbeidet. Dette skal skje gjennom mobilisering av ulike samfunnsaktørar, godt samspel og kommunikasjon.

I dette prosjektet er det fleire ulike delprosjekt. Det må vere naturleg utifrå selskapet sin strategi å satse på næringsliv, arbeidsplassar og rekruttering som eit prosjekt og samferdsel og kommunikasjonar som eit anna.

For å lukkast med desse nye prosjekta treng vi ein fellesarena for regional samfunnsutvikling i regionen. Ein slik arena må vi bygge saman med næringslivet og utdanningsinstitusjonane våre.

Sentralt i framtidsbiletet til Sunnmøre i framtida er at regionen vår skal vere den beste regionen å bu i, og ein region folk vil velje framfor andre.

Kva slags strategiske grep skal vi sunnmøringar ta for å realisere eit slikt mål? Å søkje og finne svar på dette spørsmålet vert ei høgt prioritert oppgåve for Sunnmøre regionråd.

## VERKSEMD

Sunnmøre regionråd er regional utviklingsaktør og samarbeidsorgan for 19 kommunar på Sunnmøre og i Romsdal med nærare 150 000 innbyggjarar.

Regionrådet sine satsingsområder er effektiv samhandling for dei kommunale tenestene, regional næringsutvikling og fremming av felles interesser overfor fylke og stat.

Medlemskommunane er Giske, Haram, Hareid, Herøy, Norddal, Sande, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Vanylven, Vestnes, Volda, Ørsta, Ørskog og Ålesund.

Kommunane Volda og Ørsta vedtok i 2012 å bli medlemmar i Sunnmøre regionråd, Volda med verknad frå 2012 og Ørsta med verknad frå 2013. På grunn av at opptak av nye medlemskommunar skal godkjennast av kommunestyra i medlemskommunane jf. selskapsavtalen § 10, vart begge kommunane i praksis medlem frå 01.01.13.

## POSISJON

Sunnmøre regionråd er det største regionrådet i Norge målt etter antal medlemskommunar. Selskapet skal bidra til ei positiv utvikling i regionen samla og i medlemskommunane.

## REPRESENTANTSKAP

Representantskapet er Sunnmøre Regionråd IKS sitt høgste organ og består av ordførarane i deltakarkommunane. Representantskapet har minst fire møter i året.

## REPRESENTAKTSKAPSMØTER

Det vart halde 4 representantskapsmøter i 2012. Formelt vedtak om stifting av det nye selskapet vart gjort på stiftingsmøtet i februar. På dette møtet var det val av styre, revisor og valkomite, og ny dagleg leiar vart presentert. Strategiar for selskapet, nytt fengsel på Sunnmøre, prosjektet Ålesund som lokomotiv (på Sunnmøre), auka dialog og samarbeid med fylkesmannen, samt rekneskap og årsmelding, var viktige saker i representantskapet dette året.

## STYRET

### Styret i Sunnmøre regionråd var i 2012 slik:

Bjørn Sandnes, ordfører Haram, styreleiar  
Arnulf Goksøy, ordfører Herøy, nestleiar  
Geir Ove Vegsund, ordfører Sula, styremedlem  
Anders Riise, ordfører Hareid, styremedlem  
Kari Grindvik, varaordfører Skodje, styremedlem  
Ann Kristin Langeland, rådmann Stranda, styremedlem  
Olaug Flø Brekke, rådmann Ålesund, styremedlem (til august 2012)  
Jarle Bjørn Hanken, rådmann Ålesund, styremedlem (fra august 2012)

### Varamedlemmer

Bjørn Inge Ruset, ordfører Norddal (første vara)  
Geir Inge Lien, ordfører Vestnes (andre vara)  
Eva Kristin Fjørtoft, varaordfører Sandøy (tredje vara)  
Turid Hanken, rådmann Haram (første vara)  
Wenche Solheim, rådmann Ørsta (andre vara)

## STYREMØTER

Det vart halde 8 styremøter i 2012. 62 saker vart handsama. Mellom desse sakene var strategien for regionrådet og saker innan områda polititressursar, fengsel, samferdsel (jernbane) og helse (samhandling). Vidare vart det beslutta at vi skulle ta over prosjektet Sunnmøre i framtida.

## RÅDMANNSMØTER

Det vart halde 3 rådmannsmøter i 2012. Møtestadar var Ulstein og Ålesund. Fleirtalet av sakene handla om dei interkommunale samarbeidsprosjekta i regionrådet.

## ADMINISTRASJON

Jan Kåre Aurdal, dagleg leiar  
Vegard Sperre Austnes, rådgivar  
Torunn Måseide, prosjektleiar  
Einar Haram, prosjektleiar  
Øivind Hagen, prosjektleiar  
Anne Venke Myren, prosjektleiar  
Anne Mette Liavaag, prosjektleiar

## INFORMASJONSARBEID

Regionrådet har i 2012 lagt vekt på å vere meir synleg i sosiale medier, å halde god og personleg dialog med kvar medlemskommune, og å marknadsføre seg på større arrangement. I tillegg har regionrådet fått mykje positiv avisomtale av arbeidet sitt.

---

### NETTSIDER [WWW.SUNNMOREREGIONRAD.NO](http://WWW.SUNNMOREREGIONRAD.NO)

Det vart publisert 56 nyheitssaker på nettsidene i 2012. I 2011 var antal nyheitssaker 16.

Nettsida blir også brukt til å marknadsføre konferansar og gi informasjon om dei ulike prosjekta.

---

### NYHETSREV

Regionrådet sitt første nyheitsbrev vart sendt ut i januar 2012 til 49 abonnentar. Antal abonnentar har auka jamnt gjennom året til 859 pr. desember 2012. Det vart sent ut 10 nyheitsbrev i løpet av året.

---

### FACEBOOK

Regionrådet fekk i løpet av året sin eigen facebookprofil. Pr. des 2012 var det 140 «følgjarar».

---

### KONTAKT MED KOMMUNANE

Dagleg leiar har besøkt kommunestyra i medlemskommunane for å presentere regionrådet og få tilbakemelding om kva som er viktig å satse på.

---

### ANDRE AKTIVITETAR

Vi har også fått laga reklameartiklar (pins og pennar) for å bidra til å marknadsføre regionrådet.

I samband med Cupfinalen hadde regionrådet stand på Egertorget saman med Møre og Romsdal fylkeskommune. Regionrådet var også representert med stand på Utdanningsmessa i Fagerlihallen i Ålesund.

## SATSNINGSOMRÅDE 2012

Sunnmøre regionråd sin strategi lyfter fram tre satsingsområder for perioden 2012 – 2015, og regionrådet har i 2012 gjennomført prosjekter og aktivitetar innanfor dei ulike områda:

1. Effektiv samhandling kommunale teneste.
2. Regional næringsutvikling.
3. Fremje felles interesser overfor stat og fylke.

## 1. EFFEKTIV SAMHANDLING KOMMUNALE TENESTER.

### PROSJEKT SAMHANDLING PÅ SUNNMØRE

Kommunane i Sunnmøre regionråd var først ute i Møre og Romsdal med eit regionalt samarbeidsprosjekt om samhandlingsreforma. Prosjektet vart starta primo 2011, og vidareført i 2012.

#### MÅLSETTING

Målet med prosjektet var å utvikle felles samarbeids- og planleggingsstrukturar mellom sunnmørskommunane og Helse Møre og Romsdal (HMR). Dette for å møte utfordringane i samhandlingsreforma om (mellom anna) betre koordinerte tenester for pasientane.

#### ARBEIDET I 2012

Dei prioriterte områda for prosjektarbeidet er resultat av kartleggingsmøter med kommunane og HMR. To områder har vore prioritert, 1. Felles kompetanse- og rekrutteringsplan for sunnmørskommunane og HMR og 2. Felles plan for elektronisk samhandling.

Felles kompetanse- og rekrutteringsplan for heile 18 kommunar og HMR vart ferdig utarbeidd til sommaren 2012, og inneheld forslag til 10 organisatoriske tiltak, 14 opplæringstiltak og 8 rekrutteringstiltak.

Generelle anbefalingar i planen er auka bruk av elektronisk samhandling, etablering av faglege nettverk, hospitering, nye ambulerande team, opplæringstiltak, interkommunalt samarbeid om ressursar og stillingar og informasjon til spesialisthelsetenesta om nystarta tilbod i kommunehelsetenesta.

Planen er eksternt finansiert (av Helsedirektoratet og Helse Midt-Norge) og gratis for kommunane. Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal har anbefalt at planen vert gjeldande for heile Møre og Romsdal, og at det vert utarbeidd eit mandat for bruk av han.

Felles plan for elektronisk samhandling mellom sunnmørskommunane og Helse Møre og Romsdal vart ferdig utarbeidd til jul 2012. Planen inneheld kartlegging av status og anbefalte tiltak for kvar kommune. Også denne planen er eksternt finansiert (av Helsedirektoratet) og gratis for kommunane.


I medhald av Samarbeidsavtalen er det etablert eit IKT-samhandlingsutval mellom Helse Møre og Romsdal og kommunane. Oppgåvene til IKT- samhandlingsutvalet er å følgje opp den praktiske gjennomføringa av samarbeidet på dette området.

Ei samhandlingsgruppe på kommunalsjef/einingsleiar-nivå for kommunane vart som ein del av prosjektet etablert i 2011. I 2012 har gruppa hatt 7 møter og handsama 55 saker.

## PROSJEKT OPPVEKST

### MÅLSETTING

- Skape ein sterk kompetanseregion på Sunnmøre innan skule og barnehage.
- Sikre kvalitets- og kompetanseheving og fagleg og organisatorisk utvikling i skule og barnehage.



Dei 4 satsingsområda vi har hatt for å nå desse måla er leiaropplæring, kompetanseheving, utdanning og samarbeid skule og næringsliv.

Sunnmøre regionråd oppvekst byggjer på eit tett samarbeid mellom dei 11 kommunane på nordre Sunnmøre. Det er faste interkommunale nettverksmøte mellom skuleeigarar, skulefaglege rådgjevarar, kommunalsjefar for skule. I 2012 hadde vi 5 slike møter. Det same gjeld dei barnehagefagleg ansvarlege i kommunane. Møta er same dag, med ei økt til felles saker og felles lunsj.

I forkant av møta har vi arbeidsutvalsmøte både for skule og barnehage. Arbeidsutvala har 3 medlemmer. Regionsleiar for skule og barnehage, vara for regionsleiar og eit styremedlem.

Skulenettverket har også 2 komitear som har hyppige møter. Det er kompetansegruppa for stortingsmelding 22 og faggruppa for minoritetspråklege barn og unge.

I tillegg er det ei gruppe som arbeider for å få eit desentralisert utdanningstilbod til Ålesund for førskulelærarar og lærarar i samarbeid med Høgskulen i Volda. I januar 2012 møtte 170 interesserte søkjarar på orienteringsmøte på Høgskulen i Ålesund.

Desentralisert deltids førskulelærerutdanning hadde 140 søkjarar og oppstart hausten 2012 med 70 studentar. Desentralisert deltids lærarutdanning hadde 69 søkjarar, men ikkje nok kvalifiserte søkjarar til å starte.

Barnehagenettverket har også dette året hatt eit samarbeid med BORK, Borgund vidaregåande skule sitt kompetansesenter og tilbyr ei utdanning for assistentar i barnehage og SFO med høve til å ta fagbrev.

Barnehagenettverket hadde ei eigen arbeidsgruppe som i samarbeid med Høgskulen i Volda hadde ansvar for Landskonferansen Klikk der som samla 190 deltakarar på Parken hotell 19.april 2012. Det var et vellukka arrangement der bruk av IT- som pedagogisk hjelpemiddel i barnehage hadde fokus.

Felles interkommunalt satsingsområde for lærarar i 2012 var klasseleiing med fleire interkommunale samlingar. Felles barnehagesatsing var IKT i barnehagen og kompetansestrategien vennskap og deltaking med fokus på



barnehagen sitt samfunnsmandat. Fagdagen 2012, 15.august, gav mange hundre lærarar fagleg påfyll før skulestart.

---

## VIDARE ARBEID

Vi arbeider vidare med ei felles satsing på minoritetsspråklege barn og unge med ei kursrekke for både barnehage og skule på ulike nivå.

Det vert også arbeidd for ein sterkare profil på samarbeidet mellom skule og næringsliv. Her er fleire aktørar frå lokalt næringsliv involvert og Ungt entreprenørskap.

Sunnmøre regionråd er aktiv i arbeidsgruppa som arrangerer karrieredagar for 10.klassingar i ungdomsskulen.

Det desentraliserte utdanningstilbodet med tanke på å tilby lærarutdanning i regionen skal det arbeidast vidare med i samarbeid med Høgskulen i Volda.

Fagdagen 2013 er utvida til 2 dagar og eit variert kurstilbod før skulestart.

Det nasjonale satsingsområdet "Vurdering for læring" skal vere felles interkommunalt samarbeidsområde i eitt skuleår i 2013/2014, med felles kursdagar og nettverksarbeid.

SR Oppvekst vil også arbeide for å oppretthalde gode samarbeidande nettverk på tvers av kommunale grenser for skule og barnehage også i 2013.

---

## PROSJEKT EKOMMUNE SUNNMØRE

---

### VERKSEMDSOMRÅDE

eKommune Sunnmøre er eit IKT-samarbeidsprosjekt der deltakarane er kommunane Ålesund, Haram, Sula, Giske, Skodje, Ørskog, Norddal og Sandøy. eKommune Sunnmøre har i 2012 hatt ei organisering med eit eige styre beståande av rådmennene i dei deltakande kommunane. Prosjektet har også hatt ein eigen prosjektleiar, tilsett i Sunnmøre regionråd.

---

### MÅLSETTING

Betre og fleire digitale tenester til innbyggjarar og næringsliv.

Meir profesjonalitet, betre driftskvalitet og – stabilitet.

Reduserte kostnadar på innkjøp, opplæring og drift.

Dvs: Oppfylle krava i KS sin ikt-strategi «eKommune 2012».

## AKTIVITET 2012

### IKT-BASIS – FELLES DATAROM

Som for 2011, så har eKommune Sunnmøre brukt mykje ressursar i 2012 på å ferdigstille felles datarom, lokalisert i Bønørve, Ålesund. Dette er lokale eigd av Tafjord Kraft AS. Datarommet har i løpet av 2012 blitt klargjort for levering av felles IKT-tenester, og nokre system vart «sentralisert» i 2011, som for eksempel helse- og sosialsystem for Norddal, Skodje og Ørskog kommunar, og arbeid med ferdigsstilling av teknisk løysning for meldingsløftet og Visma Samhandling Arkiv (VSA). Felles epost-løysning vart også prosjektert, og blir klar til bruk for kommunane på nyåret 2013.

Ålesund kommune har også ikt-verktøy som gjer det moglegå overvake felles datarom, og nettverks- og serverenheter ute i kommunane, og dette blir utbygd kontinuerleg.

### IKT-BASIS – INFRASTRUKTUR.

Infrastrukturen mellom kommunane er ferdig i første omgang. Det er nå fibertilknytning mot Bønørve for Ålesund, Sula og Giske kommunar. Sandøy, Haram og Skodje har ein kombinasjon av radio-link og fiber. Ørskog og Norddal kommunar har leig fiberkapasitet frå Tafjord Mimer.

### IKT-STRATEGI

IKT-strategi for eKommune Sunnmøre vart vedteke i september, og denne strategien skal vere grunnlag for kommunane sine interne IKT-strategiar.

### ORGANISERING AV EKOMMUNE SUNNMØRE

Det vart hausten 2012 vedteke av styret i eKommune Sunnmøre ei organisering etter Koml. §27, som før. I tillegg vart det vedteke at Ålesund kommune skulle vere vertskommune for IKT-drift for alle kommunane. Dette organisert etter Kommuneleova. §28 1b. Ålesund kommune er da frå årsskiftet leverandør av IKT-tenester. Det vil føre til at ein del IKT-tilsette i andre kommunar vert overført til Ålesund.

### ØKONOMI

I 2012 har kommunane delt på finansieringa av prosjektleiar-stillinga og leasingkostnadane for felles teknisk utstyr.

Totalt sett for 2012, havna drifta for eKommune Sunnmøre godt innanfor budsjett. Ubrukte midlar vart overført til 2013.

Økonomi er alltid ei utfordring, men på sikt vil nok kommunane oppleve at dei har fått kvalitetsmessig betre løysingar, som nemnt i målsettingane i punkt 2.1.

### VIDARE ARBEID

Utfordringane for eKommune Sunnmøre i 2012 var å få flytta IKT-system frå kommunane og inn i felles løysing i felles datarom. Dette er svært ressurskrevjande arbeid, mykje på grunn av måten dei ulike systema er

integreerte med kvarandre. Det er mange partar som må inn i biletet for å få dette på plass. Det har også vore ei utfordring at kommunane er på ulike teknologiske plattformer, og har ulik programvare. Dette vil over tid betre seg, ettersom eKommune Sunnmøre prøvar å standardisere både programvare og tekniske løysingar så godt det lar seg gjere, sjølvst i samarbeid med den einskilde kommune.

Det skal framover også arbeidast vidare med desse tinga, samt at det skal etablerast eit meir permanent «Strategi- og bestillarledd», bestående av inntil 200% stillingsbrøkar med deltakarar frå ulike kommunar med ulik kompetanse. Dette blir ei viktig gruppe, som skal koordinere IKT-utviklinga for alle kommunane, og sjå til at IKT-tenestene frå Ålesund si IKT-avdeling leverer tenester etter avtale.

## PROSJEKT ENERGIEFFEKTIVISERING

### MÅLSETTING

Vårt mandat er å hjelpe kommunane med å realisere de vedtekne energi- og klimaplanane . Dette gjeld i første rekkje kommunane Giske, Ålesund, Sula, Sykkylven, Stranda, Stordal, Norddal, Ørskog , Vestnes, Skodje, Haram og Sandøy.

### ENERGILEIING

Dette er eit av dei obligatoriske tiltaka som ein må implementere i kommunale bygg for å kome vidare med dei andre tiltaka. Dette har det vore arbeid ein del med, men det er ein kontinuerlig prosess som det stadig må arbeidast med.

Haram kommune har innført dette permanent og har stor nytte av det. I samarbeid med Enøk utvalet til Ålesund kommune har vi utarbeidd ei handbok i energileiing som vart lagt fram og gjennomgått med rådmann Jarle Bjørn Hanken i desember. Norddal kommune har og kome langt når det gjeld energileiing. Dei andre kommunane har i mindre og større grad tatt energileiing i bruk. Så dette er fortsatt eit satsingsområde.

### ENERGIMERKING

I henhold til lov om energimerking av bygningar og bustadar. Energimerkeordninga trådte i kraft 1. juli 2010 med bakgrunn i EU sitt bygningsenergidirektiv.



Illustrasjon energikarakter. Rettigheter: NVE

Fakta

Eigar av ein bustad eller bygning skal sørgje for at bygninga har ein energiattest med energimerke ved sal, utleige og nybygging.

Yrkesbygg (næringsbygg og offentlege bygningar) skal merkast regelmessig og ha energimerket synleg i inngangspartiet.

Frå denne datoen vart det obligatorisk med energiattest for alle bustadar og yrkesbygg som skal seljast eller leigast ut. Sjekk link: [www.nve.no/no/Energi1/Energibruk-og-effektivisering/Bygningsenergidirektivet/](http://www.nve.no/no/Energi1/Energibruk-og-effektivisering/Bygningsenergidirektivet/)

I samband med dette vart det starta eitt arbeide med å kartlegge kva bygg som måtte energimerkast i dei forskjellige kommunane. Dette var ein stor jobb for kommunane og vi utarbeida anbodsmateriell i samarbeid med innkjøpsavdelinga i Ålesund kommune. Anboda vart evaluert og oppdraga vart tildelt følgjande firma: Riksheim Consulting AS, Norconsult AS, Cowi AS og Reinertsen AS. Enkelte firma fekk oppdrag for ei kommune og andre fikk oppdrag for fleire. Dette prosjektet resulterte i ca 5000 ingeniørtimer pluss tida som sakshandsamarane i dei enkelte kommunane brukte og vår tid som prosjektleiar. Dette beslagla difor store ressursar i året som gjekk.

---

### Gatelys og utskifting av HQL armaturer.

Vi vart ganske tidleg merksam på at overgang til LED gatelys armaturar vil gje kommunane ein netto gevinst på ca 90 mill kr i løpet av 25 år, etter at kostnadane til investering og montering av LED armatur var trekt ifrå.

HQL armatur vert ikkje produsert lenger enn til utgangen av 2015. Disse må skiftast ut med andre typar og etter nærare vurdering og økonomiske analyser fant vi at det var greitt å skifte til LED armatur, som og Asker kommune har gjort.

Vi starta med å marknadsføre dette tiltaket på rådmannsmøtet i Ulsteinvik den 3.2.2012. Her var de stor semje om at ein burde arbeide vidare med dette, og det vart laga økonomiske analyser for kvar av kommunane. Deretter starta arbeidet med å besøke formannskapa i kommunane slik at ein kunne få ei budsjettmessig dekning for investeringane. Samtlege formannskap i dei aktuelle kommunane, bortsett fra Ålesund, blei besøkt før utgangen av 2012. På søre Sunnmøre meldte også Ulstein kommune si interesse. For å skaffe seg erfaring med tanke på kostnader i samband med montasje og investering, samt kvalitet på lysopplevinga frå LED gatelysarmatur, vart det gjennomført eitt prøveprosjekt på Åse. Konklusjonane var at ein ynskte å realisere den planlagde utskiftinga over heile Sunnmøre.



Bilde fra Geilebergveien i Ålesund . LED-lysa gir eitt betre lys på vegbana. I samband med dette valte også kommunene Sande, Vanylven og Volda å delta i denne konkurransen.

Vi har laga anbodsmateriell og innhenta anbod på 12552 stk LED gatelys armatur.

Det er søkt ENOVA om tilskot til denne utskiftinga og i disse dagar vil dei siste kommunane få tilsendt tilsagnsbrev. Totalt vil ENOVA bidra med ca 7,8 mill kr til utskifting av LED gatelys. Hadde ein venta med å starte med dette prosjektet til etter 2015, når produksjonen av HQL har stoppa, ville ein ikkje fått tilskot.

---

## REGNMAKERDAGEN

Regnmakerdagen vert arrangert 13.juni 2013 på Tueneset i Ålesund med ca 5000 elever og lærarar.

Etter at prosjektleiaren for energieffektivisering i Sunnmørregionråd tok initiativ til å få presentert Regnmakerdagen og Regnmakerskolen til Oddmund Olsen i Team oppvekst, har rådmann Olaug Flø Brekke signert ein avtale med ENOVA der Ålesund kommune skal stå ansvarlig for dette arrangementet lokalt. Imidlertid er det ENOVA som finansierer og har den komplette styringa av arrangementet. Dette innbefatter kursing av lærerar og utsending av undervisningsmateriell til alle skulane som deltek. Det er i alt 4500 elever frå 14 kommunar i fra 4. til 7 .klasse som har meldt seg på Regnmakerskolen og som og skal delta på Regnmaker dagen den 13.juni på Tueneset. ENOVA har leigd alt tilgjengeleg bussmateriell frå Nettbuss denne dagen.

Dette har resultert i stort engasjement med praktiske øvingar innan energi og miljø blant elevane som skal delta på Regnmakerdagen. Vi har også fått god medieomtale i Sunnmørsposten.

---

## VIDAREFØRING AV PROSJEKTET

ENOVA sine løfter og bevilga tilskot til dei tiltaka som er nemnt ovanfor er pr i dag ca 9,3 mill kr . I tillegg kjem investeringane som ENOVA gjer i Regnmakerdagen i 2013. Konklusjonen er at det er stor aktivitet innan området energieffektivisering, og vi har stø kurs med omsyn til å oppfylle krava i de vedtekne Energi- og klimaplanane med basis i prosjektplanen som er laga.

På styremøtet den 20.4 .2012 vart det lagt fram ein prosjektplan som går fram til 2017. Med basis i denne vart det på dette møtet beslutta å vidareføre prosjektet foreløpig i 2 år med opsjon på ytterlegare 1 år.

---

## PROSJEKT KOMPETANSELØFT BARN OG UNGE

---

### MÅLSETTING

Overordna mål for Kompetanseløft barn og unge Sunnmøre er å styrke kompetanse for å sikre tidleg, rett og koordinert hjelp til barn og unge i risiko.

---

### ARBEID I 2012

Kompetanseløft barn og unge Sunnmøre, fase 1, vart gjennomført i 2010-2011 for alle tilsette i kommunalt og statleg barnevern på Sunnmøre, med oppdatert kunnskap på tidleg intervensjon og kvalitet i undersøkelser i barnevernet. For å følge opp og implementere ny kunnskap vart fase 2, styrking av leiar kompetansen i barnevernet planlagt. I desember 2011 starta eit omfattande kompetanseløft på barnevernledelse i regi av prosjektet. Leiarar i kommunalt og statleg barnevern i heile Møre og Romsdal gjennomførte saman ein formell leiarutviklingsmodul på 30 stp, med eigen leiarutviklingsmodul integrert. Fagleg ansvarleg for undervisninga var

Høgskulen i Nord Trøndelag, i samarbeid med Senter for ledelse. Utdanninga vart avslutta med eksamen i des 2012.

Satsinga gav svært god evaluering på fagleg innhald og nytteverdi. Utdanninga vart finansiert gjennom tilskot på kr.300.000 frå Bufdir og stipend frå Fylkesmannen på kr.50.000,- pr kommune.

Ansvarlege aktørar i fase 1 og 2 var kommunane gjennom regionråda og Bufetat.

---

## VIDARE ARBEID

Utviklinga med auke i saker, alvorsgrad og kompleksitet i barnevernet viser at det har vore viktig og nødvendig å styrke barnevernet. Imidlertid er det viktig å intensivere innsatsen for å forebygge og kome tidleg inn med rett hjelp som kan snu uheldig utvikling tidleg - for å redusere behovet for tiltak frå barnevernet. I 2013 blir fase 3 i Kompetanseløft barn og unge Sunnmøre, MISSION POSSIBLE, starta opp. Her går Helse Møre og Romsdal, Politiet, Bufetat og kommunane på Sunnmøre saman om å sette fokus på korleis ein SAMAN kan sikre VERN AV BARN.

Satsinga er strategisk og innovativ, og går på tvers av fag og nivå hos aktørane. For å styrke medverknad frå aktørar spreidd over stort geografisk område nyttar ein nettverk som organisasjonsform, nettverksledelse som metode og tek i bruk eit IKT-samhandlingsverktøy som støttar metoden. Målsettinga i denne prosjektfasen er å styrke alle ledd og koblingar i kjeden som skal sikre tidleg, rett og koordinert hjelp til barn i risiko. Helse Midt Norge har gått inn med kr.700.000,- og Bufetat har innvilga kr. 500.000 til prosjektet.

## 2. REGIONAL NÆRINGSUTVIKLING.

### PROSJEKT LOKAL SAMFUNNSUTVIKLING I KOMMUNANE (LUK)

#### BAKGRUNN

Satsinga Lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK) skal sette kommunane i betre stand til å planlegge, mobilisere, samarbeide og gjennomføre utviklingstiltak. Dette gjelder også samarbeid om felles utviklingstiltak mellom kommunar i regionen. Målet er å styrke kommunane og regionen sin attraktivitet for tilflytting og rekruttering.

LUK-satsinga er ei femårig satsing for perioden 2011 – 2015.

Styret i Sunnmøre regionråd vedtok våren 2011 at regionrådet skulle ha ei rolle i LUK satsinga og sette av kr 300.000 til prosjektet. I tillegg vart det gitt tilsegn om kr 600.000 frå fylkeskommunen.

Prosjektet starta i august 2011. Anne Mette Liavaag vart tilsett som prosjektleiar i ei engasjementstilling med eitt års varigheit. I juni 2012 vedtok styret å vidareføre prosjektet i eitt år.

#### ARBEIDET I 2012

Arbeidet starta med ei kartlegging av kommunane sine forventningar og behov. Kartlegginga viste blant anna at kommunane ynskjer møteplassar for fagleg utvikling, og det vart uttrykt eit særskilt behov for kompetansehevande tiltak innan prosjekt- og prosessleiing. Det var også ønskje om møteplassar som stimulerer til auka interkommunalt samarbeid.

Hovudaktiviteten i 2012 har vore å utvikle, planlegge og gjennomføre studium i utviklingsarbeid og prosessleiing. 72 personer frå 17 kommunar, fylkeskommunen og regionrådet har delteke. Studiet vart gjennomført i samarbeid med PwC og Universitetet for miljø og biovitenskap. Studiemodellen vert no «kopiert» og gjennomført i kommunane på Nordmøre og i Romsdal med fylkeskommunen som arrangør.

Prosjektleiaren har også knytt kontakt med aktørar som kan ha betydning for kommunene si samfunnsutvikling. (Sunnmøre i framtida, fylkeskommunen, andre regionråd, «Trainee Sunnmøre» NMK, Distriktssenteret, KS osv.)

#### VIDARE ARBEID

I 2012 vart det bevilga midler til tre prosjekt, prosjekta vil bli starta opp i 2013.

- |                                     |            |
|-------------------------------------|------------|
| – Regional kulturplan               | 350.000,-. |
| – Regional næringsplan, forprosjekt | 150.000,-. |
| – Kompetanseløft søknadsskriving    | 225.000,-. |

Deltakarane på studiet «Utviklingsarbeid og prosessleiing» har signalisert ønskje om eit «trinn 2». På bakgrunn av dette er det søkt om LUK-midlar til gjennomføring av en studietur i løpet av haust/vinter 2013.

## PROSJEKT INNOVASJON SOM STRATEGI FOR SAMFUNNSUTVIKLING

I samarbeid med Ålesund Kunnskapspark AS, og med fylket som økonomisk deltakar, har regionrådet blitt med i eit forprosjekt som skal kartlegge føresetnadane for et breiare samarbeid mellom næringsksamfunnet, offentleg sektor, høgare utdanning og sivilsamfunnet.

Utgangspunktet for prosjektet er problemstillinga;

Kvifor framstår nokre regioner som meir vellukka enn andre i konkurransen om innbyggjarar, næringsliv og for dei interesser som bidrar til utvikling av samfunnet ?

Medan enkelte regionar framstår som betre rusta enn andre til å delta i attraktivitetskonkurransen, vert dei mindre vellukka regionane gjerne framstilt å mangle tilstrekkelige føresetnadar og ressursar for å konkurrere på denne arenaen. Regionar med konkurransemessige ulemper ser ut til å mangle evnen til å mobilisere, dvs. tenke, planlegge og handle regionalt. Fremstillinga av dei attraktive og velfungerande regionane, er at dei nettopp evner å utvikle strategiar som fokuserar på samarbeid og langsiktig partnerskap mellom aktørar, for å betre regionen sin attraktivitet og styrke konkurransekrafta i eit nasjonalt/globalt perspektiv.

Gjennom auka fokus på innovasjon som strategi for samfunnsutvikling, skal ein auke samfunnssektorane sin gjennomføringsevne, og implementere tiltak som er viktig for utvikling og fornying i regionen. Kunnskap og erfaringsoverføring mellom sektorane står sentralt.

Forprosjektet er venta avslutta sommaren 2013.



### 3. FREMJE FELLES INTERESSER OVERFOR STAT OG FYLKE.

#### PROSJEKT SUNNMØRE SONINGSSENTER

Kriminalomsorga si sentrale forvaltning (KSF) konkluderer i sin [Kapasitetsplan fra 2012](#) med følgende:

*«Dagens fengsel i Ålesund er i bygningsmessig lite tilfredsstillende stand og bør avvikles. KSF vurderer at det bør være fengselskapasitet i Ålesunds-området på grunn av befolkningsstørrelsen. Det vurderes at det er for lange avstander mellom fengslene i dette området til at kapasiteten i Ålesunds-området kan erstattes ved andre fengsler, herunder Hustad. Det foreslås å utrede etablering av ny kapasitet i Ålesunds-området som består i samlokalisering av fengsel, friomsorg og overgangsbolig. Eventuell økt kapasitet i Ålesund må ses i sammenheng med redusert kapasitet ved andre åpne fengsler i regionen, herunder Bergen fengsel, avd. Osterøy for å unngå overkapasitet av fengselsplasser. I denne utredningen skal også en tilrettelagt avdeling for kvinner vurderes.»*

På bakgrunn av dette tok Sunnmøre regionråd initiativ til å etablere ei arbeidsgruppe med representantar frå Ålesund fengsel, friomsorga og kommunane. Arbeidsgruppa har så langt konkludert med at det bør etablerast eit kriminalomsorgssenter som skal være et samarbeid mellom fengselet og friomsorga. Dette vil være det første i sitt slag i Europa, og senteret vil innehalde alle typer straffegjennomføring; fra høgaste sikkerheit til soning i samfunnet. Det er eit mål å få etablert et kriminalomsorgssenter på Sunnmøre.

Tankane og arbeidet med soningscenter på Sunnmøre blei presentert på møte med Mørebenken på Stortinget 26. november 2012.

#### LYNTOG

Regionrådet sendte høringsuttale til Høyhastighetsutredningen der ein gjekk inn for høgastighetsbane Oslo - Trondheim gjennom Gudbrandsdalen.

Konklusjonane i Høyhastighetsutredningen er negative for alle samband, men Regionrådet viste til Deutsche Bahn sine utredninger som har positive konklusjonar med omsyn til kost/nytte.

#### STILLINGAR I POLITIET

På vegne av kommunane retta regionrådet ei henvending til Politidirektoratet for å styrke beredskapen ved Sunnmøre politidistrikt. Bakgrunnen for saka var at vårt politidistrikt får lavast bevilgning pr innbyggjar og at behovet for ei styrking absolutt er til stades.

På Statsbudsjettet for 2013 blei det bevilga midler til 280 nye politistillingar, og regionrådet ba direktoratet nytte høvet ved fordeling av disse stillingane til å rette opp denne skeivheita.